

## **Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage torsdag 11.04.2019**

**Tilstade:** Ingunn Straume , Knut Morten Straume, Henning Dalland, May Britt Vågenes, Lotte Blommedal Bauge, Marte Ystebø, Magnhild Nødtveit, Heidi Berg Marås, Vigdis Villanger.

**Desse hadde meldt forfall:** Therese Mjøs Bendiksen, Kenneth Blomvågnes, Birte A. Fjellsende

### **Sak 1: Informasjon og vurdering av elevundersøkinga og foreldreundersøkinga**

Elevundersøking vart gjennomført i 5. -7. klasse hausten 2018. Resultata har gått litt tilbake på fleire punkt. Skulen har spesielt valt å ta tak i desse to punkta:

Motivasjon : 2017 - 3,8    2018 – 3,7    (Høgaste score er 5)

Mobbing:    2017 – 4,7    2018 – 4,5

Alle 19 elevane på 5.-7. trinn har svart på undersøkinga.

Etter påske skal skulen ha ei ikkje anonym mobbeundersøking på 4.-7. trinn.

#### **Elevrådet sine kommentarar til punkta:**

**Motivasjon :** Elevane vil vere med å bestemme skulekvardagen. Dei ønskjer meir praktisk og fysisk tilnærming til ulike tema i faga. Dei vil ha premie for «hardt og godt arbeid». T.d. med lesetime eller leksefri veke.

**Mobbing:** Elevane er ikkje alltid så snille med kvarandre. Det er stygg ordbruk. Elevane må bli flinkare til å sei i frå til dei vaksne. Dei vaksne må bli strengare. Melding med heim, gjerne at eleven må skrive meldinga sjølv.

#### **IBS (Inkluderande læringsmiljø i skule og barnehage) :**

Linn Merethe Myrtveit ( Skule) og Kristin Smith ( barnehage) er tilsett i eit prosjekt i kommunen som jobbar med inkluderande læringsmiljø for alle skular og barnehagar på Radøy.

#### **Foreldreundersøkinga :**

Det ble gjennomført foreldreundersøking for foreldra i barnehagen hausten 2018.

Foreldre til 11 av 18 ungar svarte på undersøkinga.

Det var jamt over høg score, 5 på trivsel.

## **Sak 2:Informasjon**

Det er vedtatt at barnehagen skal ombyggast/byggast ut slik at ein frå hausten av er klar til å ta imot barn frå 1 år og oppover.

Uteområdet til barnehagen og skulen skal også oppgraderes. «Prosjektet» må ut på anbud. Målet er at uteområdet også er klart til skule og barnehagestart i haust.

## **Sak 3 : Eventuelt**

Det var ikkje nokre saker på dette punktet.

**Skrivar**

**Heidi Berg Marås**